

Alle foto: Even Øverbø

INFORMASJONSSKRIV

FRÅ LANDBRUKSKONTORET ØRSTA VOLDA

Nr. 1/2019

Årgang 30

Telefon Sentralbord: 700 49 700

Postadresse: Ørsta kommune, Landbrukskontoret Ørsta Volda, Dalevegen 6, 6153 Ørsta

Besøksadresse: 3. etg i den "gamle" delen av Rådhuset

e-postadresse: postmottak@orsta.kommune.no



Infoskrivet vert sendt i e-post til alle som til ei kvar tid er registrert som søkjarar av produksjonstilskot, aktive skogbrukarar, og fleire andre som er knytt til næringa. Dei vi ikkje har e-postadressa til får skrivet som B-post. Send oss e-postadressa di så får du skrivet på e-post neste gong (og vi sparer porto)! Skrivet ligg og på heimesidene til kommunane Ørsta og Volda.

Innhald:	Side
Nytt søknadssystem for SMIL og Drenering, med søknadsfrist 01.04.2019	1
Produksjonstilskot - del 1 av søknaden i 2019	2
Vanleg jordbruksproduksjon	2
Driveplikt	3
Investeringsmidlar gjennom Innovasjon Norge	3
Gardskart – nye flyfoto	4
Skogprosjektet	4
Ny skogbruksplan i Volda	4

Nytt søknadssystem for SMIL og Drenering - søknadsfrist 01.04.2019



Landbruksdirektoratet har utvikla nye elektronisk søknadsskjema som skal brukast, når ein søker på desse tilskotsordningane.

Dette er viktigaste endringane:

- Det vil berre vera mogleg å søkja elektronisk. Inngangen til søknaden finn du på landbruksdirektoratet si heimeside og innlogging vert via Altinn. Du kan logga deg inn ved å bruka minID, BankID eller BankID på mobil.

- Me vil sterkt anbefala å nytta BankID. Om du manglar det så får du dette utstedt av banken, men du må legitimera deg med pass for å få denne. Det andre alternativet er å bestilla pin kodar i brev form frå minID.
- Rekneskapskontoret kan også hjelpe dykk med og levera søknaden, då dei kan få delegert rettigheter til å levera i Altinn på vegne av dykk.
- Landbrukskontoret kan ikkje søkje for dykk, men de kan låne maskin her på kontoret der de loggar inn ved hjelp av dykkar BankID. Me vil sjølvsagt forsøka å hjelpe ved å rettleie dykk i bruken og utfyllinga av dei nye skjema. Dersom de vil ha hjelp så ta kontakt i forkant, slik at me er tilgjengelige når dykk kjem innom.

Nedanfor får du ei oppskrift Steg for steg på korleis du loggar deg på og får levert søknaden din, og kva du må passa på og krysse av for:

1. Gå inn på www.landbruksdirektoratet.no og finn søknad om Tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) eller Tilskudd til drenering av jordbruksjord under fana *Elektroniske tjenester*, til venstre på sida. Klikk på deg inn på søknaden.
2. I neste bilete vel du «Start teneste». Du kjem no til innloggingsalternativa for Altinn.
3. Velg den innlogginga du vil bruka og logg deg inn.
4. Lykke til 😊

Kven kan søkje SMIL-midler (spesielle miljøtiltak i jordbruket)?

Den som søker må ha organisasjonsnummer, og vere søker om produksjonstilskot i jordbruket.

Andre som ikkje søker produksjonstilskot kan likevel søkje dersom jordbruksareala på eigedomen vert leigd ut til søker om produksjonstilskot, og om jorda er påført produksjonstilskotsøknaden som leigejord. Kravet om gjødslingsplan gjeld framleis.

Alle søknader vert vurdert i samråd med dei lokale faglaga i næringa.

Søk fyrst! Tiltaka skal ikkje vere starta opp før søknaden er handsama.

Satsane for eigeninnsats er som før:

per time eigeninnsats	Kr 350,-
per time m/motorsag	Kr 400,-
per time m/traktor	Kr 550,-
Ved rydding/skjøtsel/gjerding av gamal kulturmark til beite vil ein ikkje godkjenne kostnader ut over	Kr 3.300,- pr. daa
For alle SMIL-tiltak kan ein løyve inntil 40% tilskot av godkjent kostnadsoverslag. Det er eit øvre tak for kostnadsoverslag på kr 200.000,-.	

Meir informasjon finn du her : www.landbruksdirektoratet.no



Drenering

Satsar for tilskot til drenering:

kr 2.000,- per dekar til systematisk grøfting, profilering og omgraving, og ved anna grøfting kr 30,- per løpemeter grøft.

Arbeidsfristen vert 3 år frå tilskotet er innvilga, og den kan ikkje forlengast. Dersom arbeidsfristen har gått ut og arbeidet ikkje er oppstarta/ferdig.

Med drenering meiner ein tiltak som:

Grøfting med opne og lukka grøfter, profilering og omgraving.

Minste utbetalingsbeløp er kr 3.000, dvs at søknaden må vere på minst 100 m grøft eller 1,5 daa systematisk grøfting.

Produksjonstilskot - del 1 av søknaden i 2019. Det vart opna for å søkje 1.mars

No kan du levere del 1 av søknaden om produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyning ved ferie og fritid. Søknadsfristen er 15. mars.

Søknadsfristen er **absolutt**.

Telldatoen var 1. mars og du kan søke om følgende tilskot:

Husdyrtilskot (unntatt bifolk)

- Tilskot til økologisk husdyrproduksjon
- Driftstilskot til mjølkeproduksjon
- Driftstilskot til spesialisert storfekjøttproduksjon

Alle som har husdyr må sende inn del 1 enten dyra har rett på tilskot eller ikkje, då dyretalet legg grunnlaget for kva du får i:

- tilskot for avløyning ved ferie og fritid for 2019
- tilskot for grovfôrareal

Desse tilskota søker du om i del 2 (søknadsfrist 15. oktober), men du må ha registrert dyra du disponerer per 1. mars for at desse skal vere med i tilskotsgrunnlaget for dei to tilskotsordningane.

Finn informasjon om regelverket og tilskotsordningar i rettleiingsheftet I [Rettleiar for utfylling av søknad om produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid](#) finn du informasjon for søknadsomgangane i 2019. Her kan du lese utfyllande informasjon om tilskotsordningane og regelverket.

SØKNADEN MÅ LEVERAST ELEKTRONISK

«Vanleg jordbruksproduksjon»

Som namnet tilseier så er produksjonstilskot eit tilskot for at ein driv ein produksjon. Difor er det i regelverket krav om at ein driv «vanleg jordbruksproduksjon». Drifta skal ha eit næringsmessig preg med produksjon/avdrått og levering av produkt. Driv ein for ekstensiv eller

manglar næringsmessig forankring så er det ikkje sikkert at ein har rett på produksjonstilskot. Ved handsaming av søknadane får vi varslar når det er låg avdrått/lammetal/slakteveker/mv.

T.d. gjev sauehald normalt levering av lam til slakt (til godkjent slakteri), sal av ull eller skinnfellar, og eventuelt sal av livdyr.

Vidare bør lammetalet ikkje ligge vesentlig under landsgjennomsnittet frå Sauekontrollen - for den aktuelle rasen, for at produksjonen skal reknast som «vanleg».

Tal slakta lam/selde livdyr/påsett per søye, vil indikere om ein driv næring.

Slaktevekta er og med i vurderinga. Låge veker under 70 % av snittet for rasen, kan vitne om at produksjonen ikkje er vanleg.

Ved kontroll av søknader om produksjonstilskot har vi oppdaga at nokre føretak ikkje leverer lam til slakteri eller sel livdyr i det heile, men berre slaktar heime. Slik drift må vurderast mot kravet om «vanleg jordbruksproduksjon». Vi er pålagt å sjå etter at søkjarane oppfyller krava for å kunne få produksjonstilskot, og vil difor følgje opp dette nærare.



Driveplikt

Viktigheita av driveplikta er sett fokus på, både frå politisk hald og frå fagliga. Jordlova pålegg kommunane å fylgje opp at jordbruksareala er i drift, då alle eigedomar med jordbruksareal har driveplikt.

Driveplikta synleggjer eigaren sitt forvaltaransvar for jordbruksareala ein eig. Dyrka og dyrkbar jord er ein grunnleggjande men avgrensa ressurs, og det er difor viktig at jordbruksareala er i aktiv produksjon. I fleire delar av kommunane er det for lite disponibelt areal, og leigejord vert etterspurd.

Som grunneigar har ein tre val: 1) Drive produksjon på areala sjølv, 2) leige vekk jorda i 10 år med leigeavtale til anna føretak som driv produksjon eller 3) søkje om fritak.

Ved bortleige skal ein inngå 10 årig skriftleg avtale mellom partane. Kommunen må få tilsendt kopi av inngått jordleigeavtalar, om ikkje det allereie er gjort, slik at vi får registert borteleige og sjå etter at avtala er i samsvar med jordlova.

For nokre vert søknad om fritak aktuelt. Slike søknader må grunngjevast og ein må i handsaminga sjå på korleis ein best mogleg kan ta vare på areala for framtida.

Landbrukskontoret har no starta opp ei kartlegging av ståa ved å sende ut skriv til alle som ikkje driv sjølv, og som vi manglar leigeavtale frå. Brev vert sendt ut puljevis, og vi har starta med delar av Ørsta. Beitepussing av areala oppfyller ikkje driveplikt, men kan vere alternativ dersom det vert gitt fritak.

Investeringsmidlar gjennom Innovasjon Norge


Til investeringar i faste anlegg og tilhøyrande produksjonsutstyr av varig karakter, kan ein få inntil 35 % tilskot av godkjent overslag. Øvre grense for tilskot til investeringar er 2 mill. kroner per prosjekt.

Til investeringar i frukt- og bær dyrking kan ein få til nyplanting innan økologisk frukt- og bær dyrking, inntil 50 % tilskot av godkjent overslag. Til nyplanting innan konvensjonell frukt- og bær dyrking er satsen inntil 35 % av godkjent kostnadsoverslag.

Investeringsmidlar i samband med generasjonsskifte:

Til personer under 35 år som tek over landbrukseigedom kan det gis tilskot til mindre

investeringar med inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag for tiltaket. For kvinner kan tilskotet aukast til 70 %.



Investering i gjødsellager: Til bygging av gjødsellager med fast toppdekke eller minimum 10-månader lagringskapasitet. Tilskot inntil 20%. Øvre grense for tilskot kr 100.000/prosjekt.

Søknadar kan sendast inn heile året. Følgjande prosjekt er prioritert for finansiering:

- Små og mellomstore bruk vert prioritert (15 – 30 kyr)
- Krav til dyrevelferd – ombygging til lausdrift
- Frukt og grønt, veksthus
- Ikkje støtte til sauefjøs i 2019, berre ved generasjonsskifte ved oppgradering av eksisterande bygningar.
- Bruk av tre som byggemateriale, miljø- og klimasmarte løysingar
- Gjødseilager

Gardskart – nye flyfoto



Gardskarta er viktige – både for dykk som driv føretaka – og for oss som forvaltning. Det er difor om å gjere at kartet stemmer med terrenget.

Ved søknad om produksjonstilskot vert arealtala kontrollert mot tala i gardskartet, og ein kan gjere oppslag i karta direkte frå søknaden, medan ein held på med utfyllinga.

30. juni i fjor vart det gjennomført omløpsfotografering av m.a. Ørsta og Volda. Flyfota er difor ferske. Ta deg tid til å sjå over gardskartet for eigedomen din, og for eigedomane du leiger. Er her feil i karta så ta kontakt med oss.

Du finn gardskarta på

<https://gardskart.nibio.no/search>

Skogprosjektet

I 2018 fikk ein i stand eit skogprosjekt i Ørsta og Volda. Hensikta med prosjektet var å sjå på tilstanden til eldre plantefelt, med eit særleg fokus på voksa granplanter. Voksa planter blir nytta for å beskytte granplantene mot gransnutebillene som er eit stort problem på ferske hogstflater.

Prosjektet er finansiert av Volda kommune, Ørsta kommune, NMSK-midlar frå fylkesmannen og rentemidlane frå skogfondet.

Håkon Eliassen starta som prosjektleiar sumaren 2018. I lag med Per Gunnar Sande i Allskog og skogbruksansvarleg i Ørsta og Volda vart det plukka ut felt som ein ville sjå nærmare på. På dei utvalde felta vart det lagt prøveflater kor ein talte levande og daude planter. Det vart deretter vurdert om ein må gjere tiltak på flata eller om feltet var tilfredsstillande forynga.

Resultata til Håkon viste som venta at gransnutebilla er eit stort problem. Flater der det er venta tre sumarar med å plante syner eit betre resultat ein flater som er planta rett etter hogst. Grunnen til at ein ventar tre sumarar før ein planter er at det er mindre næring til gransnutebilla. Ulempen med å vente er at det blir meir konkurrerande vegetasjon for granplanta.

Planting rett etter hogst med voksa planter har ikkje vore vellykka. Gransnutebilla har krabba opp over voksen og drepe plantene. Kanskje vil det gå betre med større og meir robuste planter? Dette vil ein prøve ut i 2019.

Prosjektet vil halde fram i 2019. Felt med voks som ein har sjekka tidligare vil bli følgt opp i 2019. Ein har også plukka ut nye felt som ein ynskjer å sjå nærmare på.

Ny skogbruksplan i Volda

Alle skogeigarar i Volda med meir ein 100 da produktiv skog har fått eit infoskriv om skogbruksplan. For å få levert tømmer i framtida så må alle skogeigarar ha ein skogbruksplan med miljøregistrering. Dei som ikkje har levert svarsslippen vert bedne om gjere det så fort som mogleg.



Tilsette ved kontoret :

Liv Bente Viddal	907 04 008	liv-bente.viddal@orsta.kommune.no
Dorota Wozna	907 23 453	dorota.wozna@orsta.kommune.no
Åshild Steinnes	907 04 501	ashild.steinnes@orsta.kommune.no
Børild Skåra	906 99 240	borild.skara@orsta.kommune.no
Peder Magnussen	452 82 680	peder.magnussen@orsta.kommune.no